



KOPI

Teknisk forvaltning og drift

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8913 - 21/73173

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
03.11.2021

Avvist søknad om utsleppsløyve for bustadfelt Skinstø - gbnr 116/68 Lauvås

Administrativt vedtak: **Saknr: 1177/21**

Byggestad: Gbnr: 116/68
Tiltakshavar: Gaard Eiendomsutvikling AS
Ansvarleg søkjar: Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 13-3

VEDTAK

Med heimel i forskrift om begrensning av forurensing § 13-4, vert søknad om utsleppsløyve for gbnr. 116/68 Lauvås avvist. Grunngevinga går fram av vurderinga under.

Når søknaden er avvist vert saka avslutta. Ny fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon må sendast inn om søknaden skal takast til handsaming.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for det regulerte bustadfeltet Skinstø, gnr. 116/68 Lauvås med fleire. I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedomen skal reinsast i minirensanlegg av typen Klargester BioDisc modell BJ som har godkjent reinsekapasitet for inntil 100 pe. Utsleppet frå anlegget skal først til kum for slamsikring og etterpolering med vidare utslepp via tett leidning til 5 m. djupne i sjø i Lauvåsvika.

Det er opplyst i følgeskriv til søknaden at feltet kan få 24 bueiningar.

Det vert ellers vist til søknad mottatt 20.10.2021.

VURDERING

Kommunen har gått gjennom søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. forskrift om begrensning av forurensing Kap. 13. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

Avløpsanlegget sin dimensjonerte storleik

Det er opplyst i søknaden at feltet kan få 24 bueiningar.

Innanfor reguleringsplanen Skinstø er det opna for utbygging av 9 einebustadar med sekundærleilighet, 10 bueiningar i område avsett til konsentrert bustadbygging og ein eksisterande bustad. I tillegg er det opna for at grunneigar på gbnr 116/8 også kan knytast til avløpsanlegget. Dette utgjør totalt 30 bueiningar.

Det er oppgitt i søknaden at anlegget er dimensjonert for 100 pe.

Det vert rekna 5 pe pr. bueining og avløpsanlegget må dimensjonerast for den utbygginga reguleringsplanen legg opp til.

Utsleppsløyve må dimensjonerast for maksimal mogeleg belastning, i dette tilfelle full utbygging av bustadfeltet. Ei eventuell trinnvis utbygging må gjerast greie for. Vi vurderer at anlegget må dimensjonerast for minimum 150 pe.

Avklaring av eigarforhold

Eit anlegg dimensjonert for meir enn 50 pe skal handsamast etter kap. 13 i forskrift om begrensning av forurensing. I samsvar med lov om kommunale vass- og avløpsanlegg skal desse anlegga i utgangspunktet vera eigd av kommunen. Før søknaden om utsleppsløyve kan handsamast må dette avklarast. Det er eining for samferdsle, veg og VA som handsamar desse sakene. Vi rår til at de tar kontakt med dei for vidare avklaring. Søknad om utsleppsløyve kan ikkje handsamast før eigarforhold etter lov om kommunale vass- og avløpsanlegg er avklart.

Nabovarsel

Det er opplyst anlegget er tidlegare nabovarsla og at det ikkje er sendt ut ny nabovarsling. Frå Lindås kommune sitt historiske arkiv kan vi sjå at det var gjort nabovarsling 25.10.2017 og at denne nabovarslinga var mangelfull. Eigar av gbnr. 116/59 (fylkesveg 415) og gbnr. 116/1 var ikkje nabovarsla.

Det er kommunens vurdering at nabovarslinga som var gjort 2017 ikkje kan leggjast til grunn ved ny søknad i 2021. Nabovarslinga er meir enn 4 år, den er mangelfull og det er no ei anna og vesentleg auka løysing det vert søkt om.

Tiltaket må nabovarslas på nytt.

Oversikt over tilknytte eigedomar

Vedlegg merka figur 1. Oversikt over tilknytte eigedomar viser eit kart over eit område Abotnes i Bjørnefjord kommune. Kommunen legg til grunn at dette er gjort ved eit mistak og at det vert retta opp ved seinare høve.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak treft i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak treft av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak treft i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5.

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om

vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/8913

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Teknisk forvaltning og drift

Mottakarar:

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS
Gaard Eiendomsutvikling AS

Postboks 103
Lægdene 12

5649
5096

EIKELANDSOSEN
BERGEN